

# 1 **Forslag 63 Auka i vald og overgrep gjer store lidingar og kostar Norge dyrt!**

2 Forslagsstillar: KrF Kvinner, Vestland KrF og Buskerud KrF

3 *Valdtekt og alvorleg fysisk vald har auka dei siste 10 åra og nye berekningar viser kor mykje det kostar*  
4 *samfunnet. Ein ny nasjonal strategi er naudsynt, seier KrFs Landsmøte 2023.*

5 I sin seinaste omfattande rapport, med over 4000 deltakarar, viser NKVTS at omfanget av valdtekt og  
6 alvorleg fysisk vald har auka dei siste 10 åra og at dette i det vesentlege går ut over kvinner.  
7 Valdsutøvarane er for det meste menn. Valdtekt aukar i alle aldersgrupper og 1 av 5 melder at dei har  
8 vorte valdtekne. Fleire unge melder om alvorleg partnervald og det har vore ei dobling av valdtektar i  
9 aldersgruppene under 29 år. Kun 4% opplever at overgriparen vert dømt og det er berre 1 av 10 som  
10 søker helsehjelp.

11 Resultat fra Ungdata viser at også en god del unge opplever å bli utsatt for seksuell trakassering som  
12 eit aukade problem i samfunnet. 20 % av jentene og 8% har opplevd uønska seksuell beføling siste  
13 året. Pornografi er stadig meir påtrengande gjennom sosiale media og når stadig yngre.  
14 Seksualundervisninga må ta dette aktivt opp som ein realitet for dei unge.

15 Undersøkingar viser at ubearbeida overgrep og traumer fra barndommen også gir alvorlege  
16 landtidsvirkningar og skader for den enkelte.

17 Menon har og no levert rapporten «Samfunnsøkonomiske konsekvenser av vold i nære relasjonar» og  
18 har berekna desse økonomiske effektane til nær 93 milliardar per år. Kvinner har omlag 30% høgare  
19 sjukefråvær – kan førebygging av vald være det som skal til for å endre dette?

20 Dette samfunnsproblemet vil krevje at politisk leiing går føre. Det må visa att i verdiar og  
21 verdiformidling, i klare haldningar og kva standard vi set for omtale i det offentlege rom.

22 KrF utfordrar regjeringa til å kome med ein nasjonal strategi, med konkrete tiltak og ressursar for:

- 23 • Å styrke kompetanse hos skulehelsetenesta, føresette, miljøarbeidarar og sosialtjenesta
- 24 • Finne tiltak for å redusere press gjennom sosiale media
- 25 • Betra seksualundervisning forma kring tydlegare grensetting og slik motvirke at porno vert einaste  
26 kjelde til opplysning
- 27 • Å avgrense tilgang til, og påverknad frå, pornografi
- 28 • Korleis vi kan sjå samanhengane mellom vald og fråvær frå arbeidslivet
- 29 • Sikre god oppfølging og rehabilitering for både barn og vaksne som har vore utsett for overgrep
- 30 • Sikre innføring av samtykkeloven og ei rask iverksetting av denne